



**AUSTRHEIM KOMMUNE**

Rådmannen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Dato	Vår ref.	Dykkar ref.
28.05.2015	14/337 - 11	

**Melding om vedtak - Strateginotat næringsutvikling Lindås og Austrheim kommunar.**

Sjå vedlagt saksdokument.

Vennleg helsing  
Emma Hjelmtveit  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen underskrift*

Andre mottakere:

Øystein Sørhaug

Lindås kommune

# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
065/15	Formannskapet	PS	06.05.2015
051/15	Kommunestyret	PS	20.05.2015

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FA - U01	14/337

Strateginotat næringsutvikling Lindås og Austrheim kommunar.

## Vedlegg

Lindås og Austrheim kommune strateginotat

## Framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek rapporten til orientering
2. Kommunestyret ber rådmannen gjere ei vurdering på korleis kommunen skal jobbe heilskapleg med samfunns- og næringsutvikling, med til dømes strategival, satsingsområder og organisering. Vurderingane skal leggjast fram i samband med budsjettprosessen for 2016.

## Formannskapet - 065/15

### FS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

### FS - vedtak:

1. Kommunestyret tek rapporten til orientering
2. Kommunestyret ber rådmannen gjere ei vurdering på korleis kommunen skal jobbe heilskapleg med samfunns- og næringsutvikling, med til dømes strategival, satsingsområder og organisering. Vurderingane skal leggjast fram i samband med budsjettprosessen for 2016.

## **Kommunestyret - 066/15**

### **KS - behandling:**

Formannskapet sit tilråding vart samrøystes vedteke.

### **KS - vedtak:**

1. Kommunestyret tek rapporten til orientering
2. Kommunestyret ber rådmannen gjere ei vurdering på korleis kommunen skal jobbe heilskapleg med samfunns- og næringsutvikling, med til dømes strategival, satsingsområder og organisering. Vurderingane skal leggjast fram i samband med budsjettprosessen for 2016.

### **Saksopplysninger:**

#### **Bakgrunn**

#### **Dokument i saka:**

Strategirapport frå PWC.

#### **Saksopplysningar/vurdering:**

Denne saksframstillinga er skriva av nærings sjef/samfunnsutviklar Øystein Sørhaug som vil orientera om saka når ho skal handsamast.

I K-sak 30/14 i møte 19.3.2014, «oppstart av strategiprosess/rullering av strategisk næringsplan for Lindås og Austrheim kommunar (2011-2020)», godkjende kommunestyret framlegget om strategiprosess/rullering av strategisk næringsplan, i tråd med skildra saksutgreiing.

No foreligg det ein strategirapport frå PWC. Denne er lagt ved.

PWC fekk i oppdrag i å gjennomføra ein strategiprosess saman med følgjande målgrupper:

- Næringsliv på Mongstad
- Utviklingsaktørar i regionen (næringshagar, inkubatorar, næringsforeningar m.m.)
- Styringsgruppa i felles næringsavdeling Lindås og Austrheim
- FO i Lindås og Austrheim kommunar

#### *Formål og mandat for strategiprosessen:*

- Evaluere om felles næringsavdeling har fungert godt fram til no (styrkar, svakheiter)
- Definere kva som bør vere prioriterte innsatsområde, jfr. føreståande rullering av næringsplan

- Definere ønska organisering av næringsarbeidet i Lindås og Austrheim kommune i framtida
- Få innspel til samarbeidsform og korleis (offentlege) aktørar bør jobbe med næringsutvikling
- Klargjere roller og ansvarsområde for ei eventuell næringsavdeling i framtida versus rollene og ansvarsområda til NUI, industriinkubator, 1. linjetjeneste og eventuelle andre samarbeidspartar

Basert på dette –kome fram til og forankre ei felles forståing for mål, retning og organisering av næringsutviklingsarbeidet som grunnlag for føreståande strategiprosess

I dette ligg også samarbeidet mellom «strategiarbeid» og «rullering av næringsplanen». For i heile tatt å kunne sei noko om moglege organisatoriske vidareføringar, må ein vite meir om moglege strategiske satsingsområde kor ein kan rette innsatsen inn mot.

*Om prinsippa bak rapport og prosess:*

Det må kommenterast at alle prosessamlingar har vore felles for både Lindås og Austrheim. Det betyr at kvar kommune ikkje isolert sett er undersøka. Dette vert no ein viktig del av arbeidet den neste tida. Kva er behova i den einskilde kommune? Kva har endra seg sidan prosjektoppstart i 2010? Kva ynskjer den einskilde kommune å oppnå med eit mogleg nærings samarbeid?

Det er også viktig å merke seg at strategiprosessen har handla om at det har eksistert eit samarbeid frå 2010, og at ein stort sett har sett på moglege vidareføringar som byggjer på ulike formar for fortsatt samarbeid. Strategiprosessen har ikkje sett på kva den enkelte kommune bør/må løysa sjølv.

Strategirapporten teiknar difor eit bilete på kva moglegheit ein ser, om ein fortsatt skal ha ein eller annan form for nærings samarbeid (interkommunalt – regionalt). Dette er viktig kunnskap å ha med seg når ein skal fatte beslutningar på kva den einskilde kommune vil vidare.

*Dei viktigaste konklusjonane frå rapporten:*

Forslag til prioriterte satsingsområde frå PWC:

1. «Industrireiseing på Mongstad»
2. «Eit aktivt og positivt vertskap»
3. «Effektiv energiutnytting og berekraftig utvikling»
4. «Omdømmebygging rundt kommunane»
5. «Eit godt verkemiddelapparat for gründerbedrifter og bedrifter med vekst- og utviklingsambisjonar»

Ønska organisering for eit framtidig næringsapparat:

Felles næringsavdeling bør vidareførast og styrkast i ei varig form. Ein må då få til ei tydeligare påkobling mellom næring og dei andre endogene (interne) kommunale forvaltningsprosessane. Eksogent (eksternt) må det også koordinerast betre mellom ulike aktørar som arbeidar med næringsutvikling. Næringsavdelinga må ha evne, vilje og økonomiske rårer til å utføre utviklingsarbeidet effektivt. På sikt bør ein vurdere eit større utviklings selskap for kommunane.

## Vurdering

Evaluering av samarbeidet til no:

Når det gjeld felles visjon og strategi for næringsutviklingsarbeid, er det utarbeidd næringsplan for perioden 2011-2020 med rullering i 2015. Næringsplanen inneheld konkrete mål og satsingsområde, og tilbakemeldingane frå styringsgruppa er at ein i stor grad har lukkast med å realisere strategi 1 (ny industrireisning på Mongstad) og 4 (aktivt og positivt vertsskap). Bedriftene, næringsaktørane og formannskapet er stort sett samde i dette, men peikar på at det er uklare mål og strategiar rundt viktige område som for eksempel forvaltning av offentleg eigde hamneanlegg og tilrettelegging for bygningsklare industritomter med alle nødvendige fasilitetar som vatn- og straumforsyning, mobildekning etc.

Næringsplanen har vore styringsverktøyet for nærings samarbeidet, og ei rullering av den må sjåast i samanheng med val av næringsutviklingsapparat.

Når det gjeld sterke og svake sider har PWC benytta ein trafikklysmoell, basert på 9 suksesskriterier for vekst og regional næringsutvikling, utarbeida av VINNOVA, Oxford Research og tilpassa av PWC sjølv. Ein slik analysemodell tek også til ein viss grad innover seg økosystemet rundt og eksterne rammebetingelsar – og er ikkje berre ein lokal intern analysemodell. Gjennomgåande syner trafikklysmoellen gul farge (middels), medan grøn (bra) finst som «geografisk knutepunkt» og raud (forbettringspotensial) finst som «balansert forhold mellom ambisjonsnivå, organisasjonsstruktur og økonomiske og menneskelige ressursar» og «leiarskap». Kvar av desse 9 suksesskriteriene er undersøkt detaljert, og tilgjengelig analyse finst i rapporten.

Samarbeidsform, roller og ansvarsområder:

Identifisera kva dei ulike næringsaktørane konkret kan bidra med (kompetanse, kapital og kapasitet), evaluere nytteverdi og resultat av arbeidet som vert utført og klargjere samarbeidsformer. Derne st kanalisera kompetanse og kapasitet til bedrifter basert på næringslivet sitt behov. Det vert også gjort eit poeng om å etablere ei ressursgruppe rundt næringsavdelinga som bidreg med strategikutvikling/implementering. Samarbeid rundt Fensfjord-bassenget vert også sett på som nyttefullt i den samanheng.

Avslutning/generelt:

PWC har også oppsumert fleire moglege modeller for organisering av næringsarbeidet. Dette spenn frå næringsavdeling i kommunen, interkommunalt selskap, aksjeselskap, stifting, foreining/medlemsorganisasjon og til ingen formell samordning. Spørsmål ein må stilla seg før ein vel modell, er m.a.:

- Kva er det eigentlige motivet bak ei eventuell organisering?
- Kor sterk skal den politiske styringa og kontrollen vere?
- Kva grad av offentlig eigarskap er fornuftig?
- Korleis er behovet for samarbeid med næringslivet?
- Kva grad av risiko er ein villig til å ta?

## Konklusjon

På bakgrunn av dette har rådmannen følgjande forslag til vedtak:

1. Formannskapet tek rapporten til orientering
2. Formannskapet ber rådmannen gjere ei vurdering på korleis kommunen skal jobbe heilskapleg med samfunns- og næringsutvikling, med til dømes strategival, satsingsområder og organisering. Vurderingane skal leggjast fram i samband med budsjettprosessen for 2016.